



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 14.02.2017

Sak nr.: 16/9525-3

Internt l.nr.: 6849/17

Sak: 2/17

Tittel: Høyring - endring av yrkestransportlova - Unntak frå løyveplikt for samkøyring, heving av øvre aldersgrense for å ha drosjeløyve og oppheving av krav om tilslutning til drosjesentral

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår ikkje til å legge til rette for organisert samkøyring fordi det kan opne for konkurranse på ulike vilkår.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår ikkje til å heve aldersgrensa for å inneha drosjeløyve frå 70 til 75 år fordi dagens ordning med moglegheit for dispensasjon ved behov fungerer hensiktsmessig.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår ikkje til å endre løyvestyresmakta sin tilgang til å sette krav om tilslutningsplikt til sentral.

Endringsframlegg:

Framlegg frå Miljøpartiet De Grønne til nytt punkt 1:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til å legge til rette for å organisert samkøyring.

Framlegg frå Senterpartiet til nytt punkt 1:

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår i frå at det vet opna for samkøyring ut over det som i dag er tillate i yrkestransportlova sine rammer, fordi det kan opne for konkurranse på ulike vilkår.

Avrøysting:

Miljøpartiet De Grønne sitt framlegg fekk 1 røyst og fall.

Senterpartiet sitt framlegg til nytt punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren sitt punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår i frå at det vet opna for samkøying ut over det som i dag er tillate i yrkestransportlova sine rammer, fordi det kan opne for konkurranse på ulike vilkår.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår ikkje til å heve aldersgrensa for å inneha drosjeløyve frå 70 til 75 år fordi dagens ordning med moglegheit for dispensasjon ved behov fungerer hensiktsmessig.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår ikkje til å endre løyvestyresmakta sin tilgang til å sette krav om tilslutningsplikt til sentral.